

ÅRSFORTELJING FOR LIV I VINJE 2010

I fjor hadde me STORMØTI den 10.februar, så me er litt tidlegare ute i år og no heiter det Årsfest med Årsmøti.

På Stormøti i fjor kunne me fortelje om oppstartinga av bygdemobiliseringa her på **Vinjar 5.mars 2009**. Då strøymde folk til, skreiv seg på lister for gjeremål og ynskje om meir liv og fleire treff i framtida i denne skulekrinsen.

25.mars 2009 vart det alt eit nytt møte og det blei valt eit styre, - utfrå kven som hadde lyst til å arbeide vidare med bygdemobiliseringa. 5 rekte opp hånda; Anders Sandvik, Britt Rønningen, Eric Christenson, Ellen Nordstoga og underteikna. Me blei kalla arbeidsutval og interimstyre. Me laga vedtekter, blei innmelde i Brønnøysundregistret og etter at folk hadde fått spørsmål om kva mobiliseringsarbeidet skulle heite, blei **Liv i Vinje** valt!

Interimstyret søkte kommunen om å få pengar til **prosjektlear**, og det blei løyvt for 3 år. Veldig godt! Stillinga blei utlyst og **Silje T Hegg** var einaste søkjaren då fristen gjekk ut 11.des 2009. Me blei svært glade for at ho ville vera prosjektlear i Liv i Vinje og ho vart tilsett frå 1.jan.2010.

På Stormøtet i fjor blei Silje presentera, -og på dette årsmøtet her blir ein ny prosjektlear presentera: **Ole Dalen**. Han skal me bli meir kjende med seinare i kveld. Du kunne høyre han i Telemarksendinga tidlegare i dag der han snakka om Liv i Vinje. Kanskje du au høyrde det?

I ei årsforteljing høyrer det med å seia kven som sit i styret. Det er dei sama personane som rette opp hånda den 25 mars 2009:

Anders Sandvik, Britt Rønningen, Ellen Nordstoga, Eric Christenson og underteikna. Styret har hatt 19 styresmøte i 2010 som og Silje har vore med på.

I året som har gjenge har det skjedd mykje innanfor denne skulekrinsen. Det gjer det kvart år, men det er vel rett å seia at meir Liv i Vinje skulekrins har det blivi etter den 5,mars 2009.

Fyrst og fremst kan me takke måndagsmiddagane for det. Eg er ikkje så glad i å bruke ordet fantastisk for det er så utslite, men eg er freista til å nærme meg det når det gjeld dei middagane.

Det er jamt over rundt 60 som møtest kvar måndag i matsalen her kl halv 5 til halv 6. Det er 7 arbeidslag på 3 som rullerar og som lagar gode middagar. Fyrst er dei ute og handlar inn store mengder mat- det er mykje

som skal til ein så stor bordsetnad! Kvar gong ein står ved kassa i forretningane i Åmot med stappfulle korgar, så er det einkvan som sperrar augo opp og lurar... Det var då veldig mykje du handlar...?

Ja, det er til måndagsmiddagen svarar me stolte! Og då trengs ikkje nærare forklaring for ALLE veit kva det er!

I går starta Åmot opp med *tysdagsmiddagar* så dette er kanskje noko som kjem till å spreise seg som ringar i vatn.

Idèen kom frå Anders Sandvik 5.mars 2009 på møtet her, og før me hadde neste møtet hadde me alt hatt den fyrste måndagsmiddagen- den 23.mars 2009. På menyen stod det Vesaaskurv, jordeple, broccoli/blomkål, kvit saus med gulrotbitar i. Sonja Sandvik, Ellen Nordstoga og Eli Vesaas var kokkur for 50 fornøge frammøtte !!

Applaus for måndagsmiddagane då dikkon - og for at det skal halde fram!! Er de ikkje enige i det då?

Ja, det gjer seg ikkje sjølv så applaus og godord trengs det for å halde fram. Og det blir gjort mykje godt arbeid her i krinsen!

Det er ikkje berre dugnad med måndagsmiddagar me har hatt i 2010; Høyr her:

DEN FYSTE ENTERNASJONALE PAAFONNDAJEN blei skipa palmesundagen i fjor. Tilstellinga byggjer på det som tidlegare var Gullspongrennet og så ViBørennet!

Nytt i 2010 var mottoet for rennet, sagt av Aasmund O Vinje:

“ Adde må ein gong om året vera galne og snu upp ned på adde ting ”

Paafonndajen er og meint som ei feiring av jebusdagen av Aa O Vinje, så den skal derfor leggst nærast mogleg 6.april. I praksis vil vel det seia Palmesundag, - for dei tidlegare renna var jamt på den dagen og då er fleire heime att på påskeferie au!

Det blei så vellykka- med mange utkledde, hopparar og langrennarar- og Vest Telemark Blad kunne melde om at **deltakarane på den fyste grende-køppen i Bøgrend gav alt!**

Etterpå var omlag 150 personar på Vinjar på Premieutdelingsfest.

Alt gjort på dugnad av folk i krinsen.

Og så blei det **JONSOKMORO** att ved Vinjevatn for heile skulekrinsen. Og mange møtte der å hyggja seg i hop, var med på leikar og kosa seg ved vatnet og ved bålet. **Tillaginga var ved grendelaga, altså dugnad det og.**

Og brått så kom det i avisene at det skulle vera festival på nedlagde Bøgrend Auto 6.-8.august!! BØGREND AUTOFEST

Las me rett? Den gamle bensinstasjonen som Åsmund Høgetveit sette opp- der det var døgnope i 1960åra i alle fall- og så god kakao på automaten.....

Lenge sidan det blei seldt bensin der, men no skulle det bli skikkeleg liv att, -med konsert i **smyrjehallen** fortålde prosjektleiar Silje i Telemarksendinga ein tidleg sommarmorgon.! Og ikkje med kven som helst,

MEN med Valkyrien Allstars, Åsmund, Odd, Ingebjørg, Øystein, Lars og mange mange fleire....

Og det blei liv og røre uppi Bøgrend. Så godt å uppleva!! Der kom opp kafételt, mattelt, bjørkeskog som leia inn til utedoane og på Vinje Gardmat A/S rusta dei seg til storsal av drikke. Og verkstadhallen- ja der blei det verkeleg konsertareana!

Og folk strøymde til vesle Bøgrend. Kring 700 personar kom, og dei ynskte at dette måtte skje fleire gongur. Det blei så vellykka!!

Havresekken Bukking og Liv i Vinje med Silje i spissen stod for dette arrangementet med god hjelp av folk frå krinsen til mykje dugnadsarbeid i dette høvet au!

Dei forskjellige gruppene hadde fleire møte i 2010: stadnamngruppa, bustadgruppa og det blei prøva å få i gang teaterarbeid her.

Det blei søkt om forprosjekteringsmidlar frå **Kommunal-og regionaldepartementet**- og tilskot frå **Statkraft**, men det slo diverre ikkje til nokon av delane.

Det beli sendt brev *til alle Vinbyggjar fødde mellom 1970 og 1985* om kva som skjer i Vinje skulekrins, om dei kunne tenkje å flytje heimover att og kva arbeid som evt kan vera ynskjeleg for dei.

Brev og til bustadeigarar i Vinje skulekrins

med spørsmål om dei hadde ledige hus, eigeidom til sals eller utleige.

Hausten 2010 vart det lyst ut **songtevling og fototevling**.

Utfallet av dei veit me ikkje endå, men det har kome inn 9 songar og dei skal presenterast på Paafonndagsfesta om palmesundagen. Der vil og vinnaren bli kjendtgjort.

Fristen for fototevlinga er ikkje ute endå. Vinnarfoto vil bli ein del av Vinjeutstillinga til sommaren.

Vinnaren av songtevlinga skal få songen si innsungen på cd- og vinnarfotografia skal bli forstørra og innrømma. **Dette kostar pengar-** og for å prøve å skaffe det- sette me i gang med loppemarken, og kvar då?

Jau sjølvsagt- på Bøgrend Auto.

Då hadde den skifta eigar frå Vinje Raudekross - som hadde hatt den som lagerplass - til at Torunn Svelstad og Øystein Romtveit hadde kaupt den for at han vil drive med tømring i hallen der - altså endå meir liv i Vinje!!

Heldigvis var dei viljuge til å låne ut hallen så me kunne stelle til loppemarken der: **BØGREND AUTOMARKEN** vart den heitande.

2.oktober kl 12 opna dynnane og folk strøymde til for å handle av dei mange loppene og deltaka på auksjon, høyre ungdomar spila hardingfele og Vinje musikkorps! Men det var så dårleg ver- og kaldt inne i hallen, så då auksjonen tok til kl 14, var det mest ikkje att folk!

Dette var fyrste gong Liv i Vinje stelte til ein loppemarken, så me har lært at det er ikkje lurt å ha det så seint på året, truleg heller tidleg i september- før dyrskuen. Og om det skal vera auksjon, så må den haldast nærare opningstida den dagen, så ikkje folk reiser att!

Det var ein god del arbeid - **mange dugnadstimar**- å stelle til Bøgrend Automarken slik det er med dei fleste tilskipingane. Det kom inn brutto 17.000 kroner. Kanskje er det eit godt resultat, me har ikkje noko å samanlikne med...

Ikkje alt kan målast i kroner og øre, for det kom mykje folk- og slett ikkje berre frå denne skulekrinsen. Det kom og lopper langvegs frå. Det er ynskje om å laga til loppemarken i år au - fyrste helgja i september!

Når det gjeld prosjektleiarstillinga så har det skjedd ei

OMORGANISERING. Det har vore vanskeleg med kontorstad for Silje. Me ynskjer helst at prosjektleiaren ha kontor HER i skulekrinsen, - ein stad der det er triveleg å vera for prosjektleiaren og lett tilgjengeleg for folk å stikke innom. Kvar skal det vera?

Me har tenkt på Vinje gardsmatA/S, men der er òpe berre i helgjene. Kva med Vinje skule, ville det vera naturleg for folk å stikke innom der, om der var eit leidg kontor?

Kanskje er dette berre ideelle tankar. For erfaring frå Øyfjell visar at sjølv om prosjektleiaren hadde kontor med lett tilgang for folk, så kom dei ikkje. Kva tenkjer du som er her i kveld om dette?

Prosjektet er no lagt til Vest Telemark næringsutvikling der det er fleire prosjektleiarar, og Ole Dalen er blitt prosjektleiar for Liv i Vinje, som sagt. Silje sa opp stillinga si som prosjektleiar for Liv i Vinje i haust, men arbeider framleis for VTNU så ho dukkar nok opp att her i blant. I

tillegg blir og bygdelivsmeklar Elisabeth Lid med. Dette vil Ole Dalen gjera nærare greie for no like etterpå.

Eg har prøva å finne ut av folketalet i denne skulekrinsen ved å kontakte Telemarksforsking. Knut Vareide som arbeider der fann i Statistikkbanken under grunnkretsar, fylgjande:

Der er ikkje tal for skulekrinsen, men tal for dei større grendene. Så ved å slå saman tala for Særengrend, Bøgrend og Smørklepp så er innbyggjartalet for

2008 405, for 2009 399 og for 2010 401 personar.

Eg legg eit ark med desse opplysningane på bordet, så kan de sjølve sjå no etterpå.

Leiaren for Vinje oppvekstsenter Knut Krossbakken opplyser at elevtalet på skulen i år er **26, neste år 27, og 23 elevar i 2013** - så langt han veit no!

Så vil eg avslutte med appellen frå oppstartingsmøtet 5.mars 2009:

J A M E K A N !

For styret i Liv i Vinje, 19.jan 2011

Anne T Romtveit